

# Beredskap- kva ansvar og utfordringar har kommunane?

Norsk lov slår fast at kommunane har eit viktig sektoverordna beredskapsansvar:

- **Planverk** for beredskap og krisehandtering basert på ROS
- Beredskapsarbeidet er basert på prinsippa om **ansvar, likheit, nærheit og samvirke**.
- Kommunane sine primæroppgåver i **totalforsvaret** er å oppretthalde kommunale ansvarsoppgåver og kritiske samfunnsfunksjonar- som veginfrastruktur, vassforsyning og avløp, sosiale tenester, helsetenester og brann- og redningstenester.
- Kommunen **skal yte lovpålagte tenester** til alle som oppheld seg i kommunen til ein kvar tid.
- I krig eller fare for krig kan kommunane bli pålagt evakuering, ivareta og busette evakuerte internt i kommunen **eller frå andre deler av landet**.
- Krav om kommunale **beredskapsråd**- samarbeid med samfunnsaktørar knytt til beredskap

Kommunale beredskapsplanar er basert på innsats i fredstid.

I krig eller sikkerheitspolitisk krise, vil kommunes beredskapsprinsipp og ansvar ligge fast på same måte som i fredstid, sjølv om utfordringane vil kunne vere noko heilt anna.

# Utfordring

Av ein eller annan grunn bevegar store folkemengder seg mot Hallingdal.  
Vi kan sjå for oss ein pandemi, atomulykke i Sverige, naturkatastrofe eller ein eller annan form for sikkerheitspolitisk hending eller fare/trussel om krigshandlingar.

Alle vil ha ulik grad av utfordringar og konsekvensar for korleis regionen skal kunne handtere situasjonen.

# Utfordringar- innleiande fase:

Dei kjem ikkje på besøk eller som hytte- eller hotellgjestar-  
**dei kjem som flyktningar.**

- Omfang- tal flyktningar?
- Kven er dei?
- Når på året?
- Korleis kjem dei seg til regionen og kva har dei med seg?
- Tidsrom- over tid, puljevis eller i løpet av kort tid
- Bodskap og føringar frå sentrale myndigheiter

**Uvisse om kva som skjer og vil skje- ta høgde for samanfallande hendingar**

# Sentrale utfordringar

- Kommunale tenester
- Infrastruktur, Ekom og forsyningsliner
- Grunnleggande behov- kost og losji
- Ro og orden- sosial uro
- Kriseleiing, kommunikasjon og regional samordning

**Ein ting er sikkert og det er at mykje er usikkert. Oppgåva blir å redusere og handtere den.**